



# LINDÅS KOMMUNE

Byggesaksavdelinga

Larsen og Solheim AS  
Øvre Kråkenes 17  
5152 BØNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3781 - 15/36728

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
04.12.2015

## Utsleppsløyve - gbnr 99/27 og 99/31 Våge.

Administrativt vedtak. Saknr: 546/15

**Tiltakshavar:** Aizon AS og JHR AS  
**Ansvarleg søkjer:** Larsen og Solheim AS  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utvida utsleppsløyve for gbnr 99/27 og 99/31 i samband med at det vert søkt om bruksendring frå hotell til asylmottak for mindreårige.

Det vart i vedtak datert 03.04.2008 gitt utsleppsløyve for gbnr 99/31 i samband med at det vart gitt løyve til bruksendring av bygget til hotell. Utsleppet sin storleik er 35 pe. Utsleppet vert reinsa i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac ført det vert ført vidare i tett leidning til Vågsvika som ligg i Fjellangervågen.

Restaurantbygget på gbnr 99/27 har vore del av hotelldrifta på gbnr 99/31 og utsleppet frå dette bygget har vore knytt til reinseanlegget for sjølve hotellbygget på gbnr 99/31. Dette bygget har ikkje hatt formelt utsleppsløyve. I samband med at bygga no er planlagt tatt i bruk som asylmottak vert det søkt om utvida utsleppsløyve frå 35 til 70 pe. Søknaden omfattar både gbnr 99/27 og 99/31.

Avlaupsanlegget og bygget anlegget er plassert i, vart ved etablering tilrettelagt for framtidig utviding. Utviding av anlegget skal skje ved at det vert monterte ein ekstra reaktortank på anlegget. Det er i søknaden gjort greie for at utsleppsstad i sjø er som tidlegare godkjend.

Det vert vist til søknad mottatt 11.11.2015, revidert 03.12.2015, og tilleggsdokumentasjon mottatt 20.11.2015 og 02.12.2015.



### **Planstatus**

Eigedommen inngår i den nyleg vedtatte kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden vedtatt av kommunestyret den 24.09.2015. Det går fram av kommunedelplanen at arealføremålet for eigedomane er næring. Delar av avlaupsleidningen frå gbnr 99/27 og fram til reinseanlegget kan liggja i område avsett til LNF-føremål. Administrasjonen vurderer at tiltaket er i samsvar med planføremålet.

Området i sjø er avsett til FFNF. Tiltaket vert vurdert å vera i samsvar med bestemmelsane til planen, jf punkt 5.2.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla, men det er sett krav om ytterlegare varsling. Slik varsling er gjennomført men nabofristen er ikkje ute. Det ligg per dato ikkje føre merknader.

Då arbeidet med etablering av asylmottak er ei prioritert samfunnsoppgåve og tidsfristar for etablering av anlegga er kort, finn kommunen å kunne fatta vedtak slik søknaden no ligg føre. Til grunn for avgjerda ligg også det faktum at omsøkte tiltak gjeld utviding av eksisterande avlaupsanlegg der reinseløysinga er i tråd med dei krav kommunen set til utslepp i området.

### **Høyring**

Søknaden har vore på høyring til Fylkesmannen i Hordaland. Det er ikkje mottatt uttale.

### **Plassering**

Plassering av avlaupsanlegg og utsleppsstad er vist i kart datert 13.11.2015.

### **Reinseløysing**

Det skal nyttast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac. Anlegget tilfredsstillar NS EN-12566-3. Omsøkte reinseløysing stettar krav til utsleppsstad i følsamt/normalt område med brukarinteresser.

### **Drift- og vedlikehald**

Anlegget skal driftast i samsvar med forureiningsforskrifta §§ 13-6 – 13-16.

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 11. Det er dokumentert serviceavtale for gbnr 99/31, jf avtale datert 30.10.2015, mottatt 05.11.2015. Det må gjerast greie for om denne omfattar den omsøkte utvidinga av anlegget.

### **Privatrettslege tilhøve**

Anlegget er plassert på gbnr 99/2. Kommunen føreset at utvidinga av anlegget er omfatta av avtalen som ligg føre om plassering av avlaupsreinseanlegg på eigedomen.

### **Naturmangfaldlova og andre interesser:**

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Fjellangervågen er del av det kartlagte friluftsområdet Lindåspollane – Lygra. Området er registrert som svært viktig. Av kommunedelplanen for området går det fram at det er ein badeplass ved Vågseidestranda.

## VURDERING

Avlaupet frå eigedomen skal førast til Fjellangervågen. Fjellangervågen er del av Lindåsosane som består av fleire terskelpollar med naturleg dårlege tilhøve som gjer dei ueigna som resipient, jf Miljøundersøking Lindåskommune 2004. Ideelt sett bør det ikkje etablerast nye utslepp som drenerer til pollane. Nye utslepp, bør gjennom fellesanlegg, førast ut av området til betre resipientar.

Friluftinteressene i området må ivaretakast.

Det er ikkje kommunalt anlegg eller andre fellesanlegg for avlaupsvatn i området. Omsøkte utsleppsløysing stettar strengaste reinsekraav i forureiningsforskrifta, dvs krava til følsamt område med brukarinteresser. Søknaden om utsleppsløysing kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre på vilkår av at avlaupsleidningen vert ført lenger ut i Fjellangervågen. Utsleppsleidningen skal førast ut på 20 meter djupne og plasserast slik at utsleppspunktet ligg minimum 50 meter frå neset som omsluttar Vågsvika. I tillegg skal avstanden til badeplassen ved Vågseidestranda vera så stor at denne ikkje vert påverka av utsleppet. Revidert situasjonskart som viser endeleg plassering av leidningen skal sendast kommunen før arbeidet tek til.

## Plassering

Plassering av leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 13.11.2015 når det gjeld avlaupsleidningen frå gbnr 99/27 og fram til reinseanlegget og på dei vilkår som er sett for forlenging av avlaupsleidningen i sjø.

## Godkjenning etter andre lovverk

Plassering av leidning i sjø må godkjennast etter hamnelova før arbeidet kan setjast i verk. Eigen søknad vert å senda Bergen og Omland Havnevesen.

## VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 13.5 vert det gjeve utvida utsleppsløysing for gbnr 99/27 og 99/31 på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac slik det er søkt om.
2. Utsleppet er godkjend for 70 pe.
3. Utsleppsleidningen i sjø skal førast ut av Vågsvika slik at utsleppspunktet ligg på 20 meter djupne og minimum 50 meter ut frå holmen som omsluttar vika. Leidningen skal i tillegg førast så langt ut i Fjellangervågen at badeplassen ved Vågseidestranda ikkje vert påverka av utsleppet. Revidert situasjonskart som viser endeleg plassering av utsleppsleidningen skal sendast kommunen før arbeidet tek til.
4. Utsleppet skal drivast i samsvar med krava i forureiningsforskrifta §§ 13-6 – 13-16.
5. Det skal dokumenterast at det ligg føre serviceavtale for drift- og vedlikehald av anlegget, evt at serviceavtalen som ligg føre gjeld anlegget etter at det er godkjend utvida.



6. Det skal liggja føre løyve etter hamnelova før arbeidet vert sett i gang.
7. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
8. Dette løyvet erstattar utsleppsløyve for gbnr 99/31 av 03.04.2008.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av ekstra reaktortank i eksisterande bygning slik det er søkt om og plassering av avlaupsleidning frå bygning på gbnr 99/27 og fram til eksisterande reinseanlegg, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 13.11.2015, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### Ansvar

*Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.*

#### Bortfall av løyve

*Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.*

#### Ferdigstilling

*Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.*

*Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.*

#### *Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet*

*Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.*

*Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.*

#### **GEBYR**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3b	Utslepp frå 51 – 10 000 pe til sjø (kap. 13)	1	Kr 9 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 9 000,-

#### **Klage over gebyr**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3781

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Kopi til:


**Kopi til:**

Jenfrid Jhr AS, Lindås VVS NT AS

**Mottakarar:**

Larsen og Solheim AS






- Måle Grenser
- Registrerte Grenser
- Udefinert grenser
- Terrengmålte grense
- Konstruert grensepunkt
- Bolig
- Bustad m/leilighet
- Våningshus
- Større bustader
- Hytte/feriehus
- Garasje/uthus
- Industri/lager
- Andre bygg

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.



Lindås kommune  
Byggesak avdeling




Dato: 2015.11.13  
#sign: l1am

Gbnr 99-27,31 oversiktskart

Målestokk  
1:5000





- Avlop lilles
- Drensløding
- Overvann
- Pumpeledning spillvann
- Pumpeledning vann
- Spillvann
- Vannledning
- Udefinert grenser
- Terrengmålte grense
- Konstruert grensepunkt
- Bolig
- Bustad m/leilighet
- Våningshus
- Større bustader
- Hytte/feriehus
- Garasje/uthus
- Industri/lager
- Andre bygg

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.



Lindås kommune  
Byggesak avdeling

Dato: 2015.11.13  
Sign: Liam

Gbnr 99/27 og 31 m VA-kart



Målestokk  
1:1000